



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Andreas Lussand Mordt, 55 57 23 68

Vår dato  
09.08.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/9225 326.1  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Oversending til rett instans - Klage over delvis avslag på krav om innsyn - Utvida bruk av avkøyrsløse - Klagar : Jens R Halvorsen**

Fylkesmannen viser til vedlagte skriv frå Statens vegvesen region vest.

Skrivet er ei oversending av klage i sak om innsyn i dokument i sak som gjeld avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg. Statens vegvesen avslo delvis innsynskravet, og sendte klagen med dokumenta i saken over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Av offentleglova (offl.) § 32 første ledd første punktum følgjer det at klageinstans for avgjerder etter offentleglova er «*det forvaltningsorgan som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket*». Eit unntak følgjer av tredje punktum, der det går fram at Fylkesmannen er klageinstans for «*vedtak i kommunalt eller fylkeskommunalt organ*».

Om Fylkesmannen er klageinstans vil såleis avhenge av om avgjerda om å delvis nekte innsyn er eit vedtak gjort av «*fylkeskommunalt organ*». Dette spørsmålet har Justisdepartementet si lovavdeling tatt stilling til i tolkingsuttale av 22.03.2017 med referanse 16/5344. Lovavdelinga kom fram til at slike avgjerder ikkje er gjort av «*fylkeskommunalt organ*», og at Fylkesmannen difor ikkje er klageinstans.

Rett klageinstans vert difor det nærmast overordna forvaltningsorganet, jf. offl. § 32 første ledd første punktum. Lovavdelinga konkluderte i nemnde uttale med at dette i slike saker er fylkeskommunen. Saka vert difor sendt over til fylkeskommunen som rette instans.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Andreas Lussand Mordt  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi utan vedlegg til:  
Jens Rosendal Halvorsen  
Statens vegvesen region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER